



Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

firmapost-vest@vegvesen.no

13. juni 2012

Radøy kommune. gnr. 27 bnr. 12.

FLØHOLMEN AS.

Framlegg til reguleringsplan for næringsområde og småbåthamn.

Eg viser til hyggjeleg og konstruktivt møte 12. juni 2012, mellom Statens vegvesen representert ved Odd Høydalsvik og Sigmund Bødal, og Fløholmen AS representert ved Håkon Zakariassen og underteikna.

Frå vegvesenets side vart det orientert om at :

- dersom fylkesvegarmen skal medtakast i reguleringsplanen, må det meldast ny oppstart av ei utvida reguleringssak der også fylkesvegarmen er medteken i planområdet
- vegvesenet brukar i slike saker å ta om lag 20 m til kvar side av vegen med i planområdet for å ha rom til å finna gode løysingar
- som ei minimum må ein ta med nødvendig areal for eventuell omlegging av avkjørsler og andre konsekvensar av vegutvidinga

Frå Fløholmen AS vart det orientert om at :

- verksemda ikkje ser syne med å påta seg ansvaret for ei slik regulering av fylkesvegen, som ein privat detaljplan, og på eiga hand kommunisera behov og konkrete løysingar til dei berørte grunneigarane

Håkon Zakariassen orienterte vidare om verksemda på Fløholmen :

- som har produsert elektromotorar og på det meste hadde om lag 70 tilsette, om lag halvparten fekk etter kvart bil, andre kørde moped på arbeid
- i dag har verksemda 3 tilsette, som framleis driv med service på elektromotorar, men også med service i småbåtmarknaden (motor og plast)
- kravet om vegregulering og vegutbetring er vanskeleg å forstå : vegen er tilfredsstillande, noverande trafikkmengde er svært liten og den planlagde båthamna vil neppe føra trafikkmengda opp att til historiske nivå. Det er svært få fastbuande langs vegen.
- det ligg ikkje føre planar om nybygg. Målet er å utnytta eksisterande bygg og tomteareal. Det ligg føre planeringsløyve for landarealet.

I epost datert 18. april 2012 til Statens vegvesen skreiv eg :

Eg viser til tidlegare korrespondanse i saka, og til vedlagte

- Oppsummering pr. 09. 12. 2011
- Kommunens sak 033 – 12.

I merknadsbrev av 01. 12. 2010 skriv vegvesenet avslutningsvis : "Ta gjerne kontakt dersom De har spørsmål eller ønskjer eit møte der vi kan diskutere ulike løysingar".

Eg vil be om eit møte.

Slik eg ser det, kan følgjande løysingar vera aktuelle :

1. Planområdet vert avgrensa til berre å gjelda sjøarealet der småbåtanlegget skal plasserast. Vil vegvesenet då kunna fråfalla ønsket om at fylkesvegarmen skal regulerast med fortau ?
2. Det vert sett i gang førebuande arbeid for regulering av fortau langs fylkesvegarmen. Etter mi faglege vurdering må det då først utarbeidast eit forprosjekt for anlegget med planteikning, lengdeprofil og snitt som illustrerer inngrepa i terreng og eigedomar. Veghaldar må som grunnlag for eit slikt forprosjekt definera reguleringsbreidda : kjørebane, fortau, vegskulder og sideareal. Eg vil søkja bistand hos vegkonsulent (f. eks Arne Haugen VVA-prosjektering) for å få produsert det nemnde teikningsmateriellet med basis i ein digital terrengmodell. Eg kan eventuelt forskottera planleggingskostnaden inntil det er budsjettmesig dekning på offentleg hald.

Eg vil be vegvesenet vurderer saka og krava ein gong til.

Det kan vera nyttig med ei synfaring, der også kommunen tek del.

Med helsing



*Kopi: Fløholmen AS, 5937 BØVÅGEN, v Håkon Zachariassen post@floholmen.no
Radøy kommune, 5936 MANGER*



Statens vegvesen

Siv.ing. Vidar Mjøs
Fabrikkgt 7b
5059 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Sigmund Bodal - 55516146

Vår referanse:
2010/229988-009

Dykkar referanse:

Vår dato:
19.06.2012

Radøy kommune gnr. 27 bnr. 12 Framlegg til reguleringsplan for næringsområde og småbåthamn

Vi viser til brev av 13.06.12 frå Siv. ing Vidar Mjøs og til møte hos Statens vegvesen 12.06.12 med Fløholmen as og Siv.ing Vidar Mjøs.

Som ein del av konklusjonen på møtet 12.06.12 lovde Statens vegvesen å sjå på saka vedrørande regulering av fortau til Fløholmen ein gong til. Vi gjer merksam på at vi tidlegare i planprosessen har hatt krav om realisering av gang og sykkelveg til Fløholmen. Dette kravet har vi no trekt tilbake.

I brev av 13.06.12 vert det skissert opp to moglege løysingar på problemstillinga med regulering av gang og sykkelveg. Vi vurderer at etablering av båthamn vil generere noko meir trafikk i området, samstundes som vi ser at bruk av badeplass langs vegen gjev trafikk både av mjuke og harde trafikantar i sommarhalvåret. I dag er det heilt andre krav til trafikksikring enn på den tid det var full produksjon på Fløholmen. Vi ser det difor som naturleg at ein som eit minstemål regulerer inn i planen ein gang og sykkelveg.

Vi kan ikkje sjå at det skal vere trong for å sette i gong eit forprosjekt for anlegget. At ein tek med vegprofil, samt areal som vert råka av utviding med gang og sykkelveg er slik vi forstår det, ein del av reguleringsarbeidet med planen. Statens vegvesen har ikkje pr.dags. dato midlar som skal kunne dekke dei planleggingskostnadane med gang og sykkelveg, som Siv.ing Vidar Mjøs ønskjer å forskottere..

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
Sindre Lillebø
senioringeniør

Sigmund Bodal
Sigmund Bodal
overingeniør

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Kopi: Radøy kommune
Hordaland fylkeskommune



siv. ing. **Vidar Mjøs**

Fabrikkgaten 7B, 5059 BERGEN
Tlf. 55 59 82 62 faks 55 59 82 57
vidar-mj@online.no

Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

firmapost-vest@vegvesen.no

22. juni 2012

**Radøy kommune. gnr. 27 bnr. 12.
FLØHOLMEN AS.
Framlegg til reguleringsplan for næringsområde og småbåthamn.**

Eg viser til vegvesenets brev av 19. 06. 2012, ref. 2010/229988-009.

Det er no tale om gang- og sykkelveg, med omsyn til badeplass som grunngeving.

Årsaka til at denne regulerings-saka har kome på viddene, er at vegvesenet i merknad til oppstart truga med motsegn.

Det bør granskast om dette trugsmålet har sitt opphav i udokumenterte innspel frå private, direkte til vegvesenet, eller via kommunen.

Det må vurderast om motsegnsinstituttet i plan- og bygningslova, og vegvesenets motsegnskompetanse, er misbrukt.

Eg vil be vegvesenet om ei meir gjennomarbeidd vurdering og grunngeving for kravet til Fløholmen AS om å laga privat detaljplan for gang- og sykkelveg langs den 700 m lange fylkesvegarmen til Fløholmen.

Slike private detaljplanar vert ugyldige 5 år etter planvedtak dersom det ikkje innan den tid er iverksett gjennomføringstiltak.

Vegdirektoratet er oppført som kopiadressat, for overordna prinsipiell vurdering og bistand.

Med helsing

Kopi: *Fløholmen AS, 5937 BØVÅGEN, v Håkon Zachariassen post@floholmen.no
Radøy kommune, 5936 MANGER, postmottak@radoy.kommune.no
Vegdirektoratet, firmapost@vegvesen.no*



Statens vegvesen

Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkgaten 78
5059 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Sigmund Bødal - 55516146

Vår referanse:
2010/229988-011

Dykkar referanse:

Vår dato:
27.06.2012

Reguleringsplan gnr. 27 bnr. 12 - Kvalheim øvre i Radøy kommune - Fløholemn AS - Framlegg til reguleringsplan for næringsområde og småbåthamn


Vi viser til brev i frå Dykk av 22.06.12.

Statens vegvesen vil presisere at vi i vår uttale av 19.06.12 meiner at det skal regulerast inn i planen areal til fortau, og ikkje gang og sykkelveg slik vi har kome i skade for å skrive. Vi gjer merksam på at det gjelder regulering av fortau og *ikkje* bygging av det.

Motsegn er eit av fleire verkty som ein kan nytte i plansamheng for å understreke viktige fagargument i reguleringsfasen. Vi stiller oss uforståande til anklaga om misbruk i denne saka. Motsegn vert nytta på reint fagleg grunnlag. Andre insinuerande argument som kjem fram i brev av 22.06.12 har vi ikkje noko kunnskap om.

Ut over dette har vi same innstilling til plansaka som tidlegare.

Plan og forbvaltning, Bergen
Med helsing


Sindre Lillebø
seksjonsleiar


Sigmund Bødal
overingeniør

Kopi: Radøy kommune
Fløholmen as

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52



Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

firmapost-vest@vegvesen.no

06. juli 2012

**Radøy kommune. gnr. 27 bnr. 12.
FLØHOLMEN AS.
Framlegg til reguleringsplan for næringsområde og småbåthamn.**

Eg viser til vegvesenets brev av 27. 06. 2012, ... ref. 2010/229988-011.

Vegvesenet skriv :

"....Motsegn vert nytta på reint fagleg grunnlag. Andre insinuerande argument som kjem fram i brev av 22.06.12 har vi ikkje noko kunnskap om...."


Fra Wikipedia, den frie encyklopedi :

Insinuasjon (*insinuare* på [latin](#)) betyr å antyde eller komme med fornærmelige antydninger eller beskyldninger som er fordekte.

Saka vert nærare belyst på etterfølgjande sider.



Området ligg i nordre delen av Radøy kommune.




Industriverksemda Fløholmen AS ligg ved enden av ein om lag 700 m lang sidearm til fylkesveg 414.



Langs sidevegen er det relativt grønt.

Ved Byngjevågen sør for Pollen ligg badeplassen Byngja (Bergen og Omland Friluftsråd).



Fløholmsvegen passerer eit bustadhus med uthus og naust like aust for industriområdet.

Ved industriverksemda er det kai og ei mindre flytebyggje for småbåtar.

Fløholmen AS tok i 2009 kontakt med kommunen for å informera om at verksemda hadde ønskje om å utvida båthamna, med tilbod om vedlikehald og vinterlagring på verksemda sitt landareal. Det var i utgangspunktet semje om at tiltaka kunne handterast i ein søknad om rammeløyve.

Vedlagt følgjer :

- Nabovarsel datert 19. mars 2009
- Brev frå Radøy kommune til underteikna, datert 02. 04. 2009
- Merknad frå Beate Myking og Anita Myking, datert 3. april 2009
- Merknad frå Gro Myking Løvik, datert 6. april 2009
- Brev frå Radøy kommune til Anita Myking, datert 06. 04. 2009, med kopi til Gro Myking Løvik
- Brev frå Radøy kommune til Beate Myking, datert 06. 04. 2009, med kopi til Gro Myking Løvik
- Brev frå Radøy kommune til underteikna, datert 23. 06. 2009
- Utskrift frå møtebok HPLT sak 108/09, 04. 11. 2009

Etter kommuneplanavklaring i 2010 vart det (12. november 2010) varsla oppstart av regulering. Frå eigarane av bustaden aust for industrianlegget kom det no ingen merknader.

Men vegvesenet leverte denne :

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for 52 båt plassar med tilhøyrande areal for båtopplag, vedlikehald og parkering. Tilkomst til området vil skje via fv 414 hp 50 som munnar ut i privat tilkomstveg. I arealdelen i kommuneplanen er området vist som byggeområde - erverv.

Rikspolitiske retningslinjer

I rikspolitiske retningslinjer for areal- og transportplanlegging, NA-rundskriv T-5/93, er målet at *"Arealbruk og transportsystem skal utvikles slik at de fremmer samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, med miljømessig gode løsninger, trygge lokalsamfunn og bomiljø, god trafiksikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Det skal legges til grunn et langsiktig, bærekraftig perspektiv i planleggingen. Det skal legges vekt på å oppnå gode regionale helhetsløsninger på tvers av kommunegrensene."*

I denne saka bør det fokuserast på å få eit trygt lokalsamfunn med god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling.

Planområde

Planområdet inkluderer gnr. 27 bnr. 12. Statens vegvesen vil krevje at planområdet vert utvida slik at fylkesvegen vert inkludert fram til krysset med Marøyvegen.

Veg

Fv 414 hp 50 er smal og manglar tilbod til mjuke trafikantar. Dersom planområdet vert lagt til rette slik det er skissert i oppstartsvarselet vil dette gje ein auka trafikkmengde på vegen. Statens vegvesen meiner vegen bør oppgraderast før det kan tillatast ei slik trafikkauke.

Fylkesvegen bør dimensjonerast som einfeltsveg med møteplassar og fortau i tråd med håndbok 017. Frisikt i avkjørsler skal visast på plankartet med tal og symbol. I føresegnene skal det gå fram at det i frisiktsoner ikkje skal vera sikthindrande element over 0,5 meter over tilstøytande vegar sitt planum. Parkering i frisiktsoner er ikkje tillate.

Når planen kjem på offentleg høyring vil Statens vegvesen vurdere planen opp mot våre trafikkfaglege merknadar. I dei tilfella der vi ser at det ikkje er teke tilstrekkeleg omsyn til merknadene, må Statens vegvesen vurdere å reise motsegn til reguleringsplanen.

Ta gjerne kontakt dersom De har spørsmål eller ønskjer eit møte der vi kan diskutere ulike løysingar.

Fylkesvegarmen hadde ikkje tidlegare vore tema i saka. Merknaden vart kommentert frå vår side, med illustrasjon av situasjonen langs vegen, før planframlegget vart innsendt for handsaming.

Til vår store undring tok planutvalet i Radøy merknaden frå vegvesenet til følgje ved å vedta vilkår om at fylkesvegarmen med fortau måtte takast med i planområdet før planframlegget vart lagt ut til offentleg ettersyn, tilsynelatande utan å erkjenne at dette vil bety ein ny oppstart av ein langt meir omfangsrik og komplisert planprosess der Fløholmen AS ikkje kan løysa arealkonfliktane som ei utviding av fylkesvegen vil medføre.

Etter dette uforståelige kommunale vedtaket tok eg vegproblematikken opp direkte med vegvesenet. Same sakshandsamar som hadde gjort bruk av motsegnstrugsålet, gjekk no attende på dette og gjorde det klart at det ikkje var tale om å krevja fortauet opparbeidd, men at **reguleringskravet** (fortau langs Fløholmsvegen) likevel låg fast.

Under denne avklaringsrunden med Vegvesenet gjekk klagefristen på kommunens vedtak ut. Alle seinare forsøk på å få vedtaket omgjort har vist seg å vera nyttelause : kommunen står fast på at klageretten er tapt, no sist i eit vedtak som kommunen hevdar er av ”prosessuell karakter” og difor, i følge kommunen, ikkje kan påklagast.


Både vegvesenet og kommunen vil naturlegvis nekta for at kravet om regulering av fylkesvegarmen er eit resultat av udokumenterte innspel i reguleringssaka. Det kan heller ikkje førast prov for dette frå vår side.

Det som derimot er dokumentert, er vegvesenets **trugsål om motsegn**, og resultatet - så langt.

Eg vil på nytt be vegvesenet gje ei akseptabel fagleg og juridisk grunngeving for trugsålet om motsegn, og ei akseptabel fagleg grunngeving, med tilvising til lovheimel, for kravet til Fløholmen AS om å laga privat detaljplan for eit fortau langs offentleg veg, eit fortau som i følge vegvesenet **ikkje** treng byggjast for at Fløholmen AS skal kunna gjennomføra dei planlagde og omsøkte tiltaka.

I fall vegvesenet fastheld reguleringskravet, vil eg be om at ein samstundes gjev oss ei orientering om korrekt forretningsveg for ei overordna vurdering av motsegnstrugsålet og reguleringskravet, eventuelt handtert som ei klagesak.

Med helsing



Vedlegg

Kopi: Fløholmen AS, 5937 BØVÅGEN, v Håkon Zachariassen post@floholmen.no
Radøy kommune, 5936 MANGER, postmottak@radoy.kommune.no
Vegdirektoratet, firmapost@vegvesen.no